



Håkon Storm spelar på mange slags strenger på utsøkt soloalbum.

FOTO: ØYVIND NÆSS

Året inn med Storm!

Det gamle jazzåret gjekk ut solo, og gitarist Håkon Storm går solo med glans inn i det nye året.

Tittelen er «Zinober», eit farga namn med fleire linkar til enn talet på gitarar Håkon Storm listar opp på spelelista si, sju i alt. Det må vere årets snadder både for gitarfrelste og andre, og som lærar ved Norges Musikkhøgskole er Storm pedagog, og forklarar at tittelen «Scamsmacker» er etter ein superhelt den fire år gamle sonen dyrkar, framført på ein Guild F412 12 strengs gitar. Slik blir du oppdatert både på låtens opphav og strengleiken han blir framført på, eit føredøme til oppfølging av plateutgjevarar som ikkje alltid bryr seg med å opplyse lydaren. Å gjere det på Storms vis, er åleine er nok til å setje oss musikkskribentar i godlag, berre som eit tips!

Presentasjonen på omslaget kan du sjølv hygge deg med under avlytting av dette strålende albumet, der Håkon Storm boltrar seg både akustisk og elektrisk gjennom femten låtar han har skrivne sjølv, med unntak av den siste «Canon», signert barokkomponisten Antonio Caldara (1670-1736), ei perle framført med ein lydbunad dei ikkje hadde oppfunne anno dazumal. Tittellåten «Zinober» er med dei same strengene som på opninga, «Soldatsang» er ei vakker blanding av elektronisk og akustisk gitar, og resten er opp til deg å nyte.


Plata er den første der Håkon Storm, aka Håkon Storm-Mathisen, spelar berre solo. Det er det fjerde i rekkja av eigne album frå ein muskar og komponist med mange jarn i elden, også internasjonalt. Han er alltid spennande å lytte til, og med dette albumet har han meistra kanskje den største utfordringa så langt, med glans.

METAMORFOSAR


Den mangfaldige plateutgjevar og ofte solopianist Carsten Dahl har med bandet Carsten Dahl Experience inngått i eit spennande samarbeid med nordiske landsmenn, saksofonist Jesper Zeuthen, bassist Nils «Bosse» Davidsson og trommeslagar Stefan Pasborg, mannen som ved sida av å starte plateselskap ILK går att i mange danske band. Dei boltrar seg i eigne låtar, gjerne laga saman, av alle slag. På eit album vekslande i uttrykket, med roleg strykebassopning på Dahls «Bosses Song», med hovudverket «Metamorphosis» i tre delar før Dahl gjev seg i veg på pianoet på «Sing, Sing Loud», og brettet er preparert på ein måte som høver til den «orientalske» musikken på «Nariman's Mood», og vi er enno ikkje halvvegs.



Håkon Storm
«Zinober»
MORCD
(Musikkoperatørene)



Carsten Dahl Experience
«Methamorphoses»
Storyville
(Musikklosen)




Pierre Favre Ensemble
«Le Voyage»
Intakt (Musikklosen)

Bandet spelte inn plata i Oslo rett etter konsert på Moldefestivalen i fjor, og stemninga i studio må ha vore god. Det er det andre albumet til bandet, og Dahl og medmusikantar utfaldar seg over eit breitt spektrum av – kan vi kalle det moderne samtidsjazz? Fuglane veit, men musikken desse fuglane har laga med titlar som «Turkish Butterfly», «Purple Wings», «Abelone, wo bist du... noch einmal?», og «Balinese Dance» kan jo bere bod om så mangt. «Å fly med desse fantastiske muskarane gjer meg audmjuk og tankefull», seier Dahl, og vi flyr med.

INTAKT INTAKT

Det sveitsiske selskapet Intakt Records fyller trufast på med musikk av ypparste merke, og mellom dei siste i fjor var Pierre Favre Ensemble med «Le Voyage». Den sveitsiske trommeslagaren Favre har ein stor katalog på fleire merke, med dette ensemblet i selskap med åtte muskarar på klarinett, trombone, gitar, fleire saksofonar, bass og trommer. Utanom ein sveitsisk folketone har han sjølv skrivne og arrangert all musikk til ensemblet, og det er som høyre eit lite «kammermusikalsk storband». Det er slik musikk ein oftare skulle opplevd live, tenkjer eg under avnyting av dette vakre albumet, skapt i samspel mellom muskarar vare og lydande til kvarandre. Og eg gler meg, vel vitande at fleire skattar ligg på vent i Intakt-kista.



«Nye» Pat Martino

Pat Martino (67) er ein gitarist i beste moderne «hard bebop»- tradisjon som fekk livet delt i to av ein hjerneoperasjon som gjorde at han måtte lære kunsten å kommunisere og spele gitar på ny, mellom anna gjennom å høyre sine tidlegare album. Og han kjempa seg på ti år attende til eit strålende comeback i 1987 med albumet «Return». Albumet «Live at Blues Alley» (High-Note/Musikklosen) er opptak frå den kjende Washingtonklubben i 2009, men Martino som skreiv om vegen attende til livet i sjølvbiografien «Here And Now: The Autobiography of Pat Martino» er framleis i støtet.

I 2006 kom «Remember – A Tribute to Wes Montgomery», det nye albumet er med Tony Monaco på orgel, Eric Alexander på saksofon og Jeff «Tain» Watts trommer, eit format Martino også spelte i med organistane Jimmy Smith, Jack McDuff og andre. Musikken er signert fødenamnet Pat Marazzo, med unntak av Monks «Round Midnight». Framført med sordin av denne jazzgitarens elegantier.



Billy som Cobham

Til same årgang som Pat Martino høyrrer fusionjazzens kanskje største trommeslagar Billy Cobham ikkje til den same tradisjonen, sjølv om dei kunne gått godt i lag på scena. Billy Cobham har spelt med alt og alle frå Miles Davis til Bugge Wesseltoft, og på «Live in Leverkusen» (BHM/Musikklosen) leverer han som vanleg varene, med eit dugande seks manns band til formålet.

ROALD HELGHEIM

